



Ein meister i tre stiller ut i Rosendal

Kjell Musland er ein sann meister i tre og Aud Karin Løvfall ein entusiastisk prospektkortsamlar. Begge er frå Uskedalen og begge gjer seg sterkt gjeldande under julemarkeringa i Rosendal i desse dagar. Dei har utstilling i Skipsbyggjarmuseet til og med sundag og det er all grunn til å bli imponert over hobbyane til dei to.



Det gjer og ein entusiastisk kortsamlar...

Kjell har hatt jobben sin i Kvinnherad Bygg i mange år. Før var han snikkar men no driv han mest med teikning. Sidan han starta med å spikka ein hest med kløv i 1978 har han ein ikkje mindre enn fantastisk produksjon av trefigurar bak seg og høgdepunktet nådde han då han laga Edvard Grieg med Nina og syster og fekk andreplassen i tevlinga på Dyrskun i Seljord.

Grappa vart kjøpt av hotellet på Lofthus og fekk sin permanente plassering der. Rett nok var Grieg berre 1,52 på sokkeleisten, men likevel.....Årets husnesing har han også spikka.

I Skipsbyggjarmuseet har Kjell stilt ut mellom 70 og 80 figurar og nissane dominerar, men vi merkar oss hesten og ei gruppe med presten og klokkaren. Det er første gongen Kjell har utstilling, men det er ingen salsutstilling. Ein kan eventuelt bestilla seinare.

Uskedelingen har ikkje rekna produksjonen men han ligg nok ein stad mellom 1000 og 2000. Han har også jobba mykje med motorsag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen